

Invitasjon til samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

9.-10. mai 2006, Toten



Mjøsmuseene A/S som blant anna omfattar tidlegare Toten økomuseum, er vertskap for den 5. samlinga i det Nasjonale Museumsnettverket for Kulturlandskap. Tema for denne samlinga er musea sine framtidige samfunnsoppgåver når det gjeld å ta vare på verdifulle kulturlandskap. Formidling av kulturlandskap vil også vere tema på samlinga.

Tema

Eit viktig tema på denne samlinga er kva rolle musea bør ha for verdifulle og verneverdige kulturlandskap utanfor museumsområda. Vi vil utfordre styresmakter og grunneigarar til å kome med deira forventningar til kva musea bør gjere innan dette feltet. Vi vil også utfordre musea og museumsnettverket til å meine noko om dette. Ynskjer musea å ta på seg nye samfunnssoppgåver innan bevaring og skjøtsel av kulturlandskap ? Kva bør føresetnadane og avgrensingane vere ?

Mjøsmuseet på Kapp ligg ved eit nasjonalt verneverdig kulturlandskap, Balke-Lillo med bla. Gile gård, som vil vere eit godt utgangspunkt for ein diskusjon om dette temaet.

Vi håpar at denne samlinga vil vere starten på eit viktig arbeid i kulturlandskapsnettverket og at diskusjonane gjev konkrete resultat som nettverket kan jobbe vidare med. Bør nettverket t.d. setje ned ei arbeidsgruppe som kan arbeide med temaet bevaring og skjøtsel av tradisjonelle kulturlandskap? Bør museumsnettverket utarbeide ein politikk på kva musea/ museumsnettverket meiner om dette? Kom med førebudde og konstruktive innspel til diskusjonane på Toten!

Vi vil også nytte dagane på Toten til å ha det hyggeleg saman, og bli kjende med Mjøsmuseet og det vakre Totenlandskapet. Vi får og oppleve smakebitar av Mjøsmuseet si formidling av kulturlandskapet på friluftsmuseet Stenberg.

Program tysdag 9. mai:

- Frå kl. 12 **Innkvartering** på Peder Balke senteret. Noko å bite i.
- 13:00 **Velkommen** v/ museumsdirektør Arne Amlien og ordførar Hans Seierstad.
- 13:15 **Innleiing** v/Leif Hauge og Liv Byrkjeland.
- 13:30 **Kulturlandskapsforvaltning – statlege føringer. Kva rolle kan musea ha i framtida?** v/Ragnhild Hoel, Riksantikvaren.
- 14:00 **Verneverdige kulturlandskap og forventningar til musea** v/Kjetil Lundemoen ungdomspolitikar og komitémedlem som bla. har Museumsreforma i Oppland
- 14:30 **Opplands Kulturlandskapsprosjekt** v/Espen Finstad, Oppland fylkeskommune.
- 14:45 **Ut i felt til fylket sitt utvalde kulturlandskap** (Nasjonalt verdifulle kulturlandskap Balke-Lillo). Orientering v/ Tom H. Haraldsen.
- 15:00 **Stopp v/Balke kirke.**
- Vern av kulturlandskapet og samarbeid med museet** v/ordførar Hans Seierstad, Østre Toten kommune. DISKUSJON.
- ca. 15:30 **Praktisk og teoretisk avgrensing av nasjonale kulturlandskap.** v/prosjektleiari for De nasjonale kulturlandskapene i Oppland, Toril Vestad, Oppland Fylkeskommune. DISKUSJON.

- ca. 16:00 **Stopp ved Tandberg.**
Småbruk og husmannsplassane i Balke-Lillo v/Trond Raddum frå Fylkesmannen i Oppland, landbruksavdelinga. DISKUSJON.
Utfordringar og gjenskaping av kulturmiljø v/grunneigar Eivind Peder Hveem. DISKUSJON.
- ca 17:00 **Stopp på Gile gard. Matøkt i det fri.**
Orientering om skjøtselsprosjektet og kulturlandskapet på Gile. Omvisning på Gile gård. Forventning til musea med omsyn til skjøtsel av ”fossilt” kulturlandskap. v/Mikkel Bakkegård. DISKUSJON.
- ca 20:00 **Middag på Peder Balke senteret** (overnattingsstaden).
Lett underhaldning om Balke – Widemann. Forfriskingar og fôring.

Onsdag 10. mai

- 08:00 **Arbeidsøkt for nettverket** på Kapp Melkefabrikk. Kva meiner museumsnettverket for kulturlandskap om kva rolle musea bør ha i bevaring og skjøtsel av kulturlandskap ? Førebudde innlegg frå deltakarmusea (ca 5-10 min frå kvar institusjon, avhengig av tal påmelde). DISKUSJON
- Ca. 10:00 **Orientering om status for nettverksprosjekta:**
 - Lauvbruksprosjektet v/Mons Kvamme,
 - Informasjonsbase og nettsider v/ Liv Byrkjeland,
 - Metodeutviklingsprosjekt v/Marie Pettersson,
 - Andre nettverksprosjekt
- Val av stad for neste samling.**
- 10:30 **Kaffi og rundstykke**
- 11:00 **Formidling av kulturlandskap på Friluftsmuseet Stenberg.**
Deler i grupper og viser ulike formidlingsopplegg.
- Oppsummering og avslutning**
- 15:00 **Varm lunsj**

Overnatting

Peder Balke Senteret som ligg på Billerud gård på Kapp i Østre Toten er reservert for nettverket (øvste framsidefoto). Samla er det 36 sengeplassar, av dette nokre dobbeltsenger. Det er 9 enkeltrom, 5 dobbeltrom med separate senger, 2 familierom med 4 senger, og eitt rom med 3 senger. I to rom kan det plasserast ekstra seng. Pris 445, 345 pr seng og 275 pr seng. inkl.frukost. Gangavstand til Kapp melkefabrikk.



1. Melkefabrikken på Kapp (museets administrasjon)

2. Peder Balke-senteret

3. Friluftsmuseet Stenberg

4. Raufoss gård

5. Ljåsmia

6. Rud skole

7. Kirkestallen v. Aas kirke

8. Hjemmefronthytta på Totenåsen

9. Nasjonalt utvalt kulturlandskap, Balke-Lillo

Delatakaravgift

Deltakaravgifta (transport, småmat og middag kr 200) blir fakturert deltakarmusea i etterkant slik som tidlegare. Det vil også bli søkt om tilskot for å dekke utgifter.

Forkunnskapstips:

Rapport om kulturlandskapet Balke-Lillo blir sendt til deltarane etter påmelding.

PÅMELDING til De Heibergske Samlingar v/Liv Byrkjeland innan 7. april.

Namn: _____

Institusjon: _____

Overnatting (førstemann til mølla...): Frå (dato)

Til (dato): _____

- | | |
|---|---|
| <input type="checkbox"/> - Enkeltrom | <input type="checkbox"/> Ynskjer IKKJE middag |
| <input type="checkbox"/> - Dobbelrom | <input type="checkbox"/> Ynskjer tilsendt rapportar |
| <input type="checkbox"/> - 3 sengs rom | |
| <input type="checkbox"/> - 4 sengs rom | |
| <input type="checkbox"/> - Ordnar overnatting sjølv | |

Adr: De Heibergske Samlingar – Sogn Folkemuseum, Vestreim, 6854 Kaupanger. Tlf. 57 67 82 06

Liv.byrkjeland@dhs.museum.no